

## Strikkekafe tysdag kveld

31.08.2009



**Tysdag kveld klokka 18 vert det strikkekafe att på gamleskulen. Den første strikkekafeen vart halden sist vår og då var det stort frammøte (biletet).**

Kristlaug Bjørke kjem også denne gongen med garn og oppskriftar og det blir gode tilbod og haustens nye oppskrifter frå Garnstudio.

Uskedal Utvikling ved Jane Haaranes, som har teke initiativet og står for arrangementet seier det slik:  
- Om du heklar, strikkar eller syr, er du hjarteleg velkommen til ein god drøs over handarbeidet.

Det er også sal av kaker og kaffi.